



Vår dato:

31.07.2023

Vår ref:

2022/2842

Dykkar dato:

Dykkar ref:

TINGVOLL KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON
Midtvågevegen 2
6630 TINGVOLL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ulf Lucassen, 71 25 84 24

Løyve til felling av skadegjerande gaupe i område mellom Fløystad og Torjulvågen i Tingvoll kommune

Vi viser til søknad i e-post 30.07.2023 frå Tingvoll kommune ved Lars Erling Koksvik om skadefelling av gaupe i området Fløystad-Torjulvågen. Vi viser også til telefonsamtalar 28. – 31.07.2023 med Lars Erling Koksvik, telefonsamtale med Tore Kamsvåg 12.06.2023 og tilsendt tilsynsdokumentasjon.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Tingvoll kommune løyve til å felle ei gaupe i område mellom Fløystad og Torjulvågen der det har vore konsentrert gaupeskaade i sommar. Løyvet gjeld for perioden frå og med 31.07.2023 til og med 10.08.2023.

Fellingsforsøket skal gjennomførast av det kommunale fellingslaget, og vi stiller midlar til disposisjon for gjennomføring av fellingsforsøket.

Vi har lagt særleg vekt at det er dokumentert tap til gaupe gjennom heile beitesesongen og at intensivt tilsyn dokumenterer at fleire lam manglar i same området.

Vedtaket er fatta med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b) og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 13. Vi viser og til rovviltneimnda sitt vedtak av 26.05.2023 om kvoter for felling av skadegjerande ulv, jerv og gaupe

Nærare vilkår følgjer av dette brevet.

Vi har ikkje tatt stilling til søknaden om å bruke laus hund under fellingsforsøket fordi vi ikkje har myndigheit til å gje slikt løyve ved felling av gaupe; jf. kapittel 4.5.2 i veileder M-1440 | 2019.

Bakgrunn

Søknaden er fremma på bakgrunn av at det er funne totalt 7 kadaver av lam frå buskapane til Tore Kamsvåg og Nils Fløystad som Statens naturoppsyn (SNO) har dokumentert at er avliva av gaupe i perioden 08.06.2023 – 28.07.2023. Fem av desse dyra er avliva i juli. Dei 3 siste er frå perioden 22.07.2023 – 28.07.2023. I tillegg viser intensivt tilsyn at det manglar om lag 50 lam i desse to buskapane. Det er fleire andre buskapar i området der kommunen har informasjon om at det er tap ut over normaltippet utan at dei har like detaljert oversikt som i dei to buskapane som er lagt til grunn for søknaden om fellingsløyve. Skadepotensialet er difor høgt om gaupa hald fram med å ta lam.



Juridisk grunnlag for avgjerda

Det rettslege grunnlaget for avgjerda er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (nml) § 18 andre ledd bokstav b) og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) § 13, jfr §§ 1 og 13.

Naturmangfoldloven § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):

Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk

(...)

b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,

(...)

Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte. (...)

Rovviltforskrifta § 9 (Statsforvalteren sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):

Ved vurderingen av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til:

- a) områdets betydning som beitemark*
- b) skadenes omfang og utvikling*
- c) potensialet for fremtidige skader*
- d) muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak*

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35.

Skadefelling er eit verkemiddel for å avhjelpe akutte skadesituasjonar som kan oppstå. Løyve til skadefelling er difor knytt til bestemte skadesituasjonar, og vert avgrensa i tid og rom.

Rovviltnemnda i region 6 har i vedtak av 26.05.2023 i sak 13/23 fastsatt en kvote på 6 betinga skadefellingsløyve på gaupe i region 6 (Trøndelag og Møre og Romsdal) frå 1. juni 2023 – 15. februar 2024. I vedtaket står det mellom anna følgjande om skadefelling av gaupe: «Bestanden ligger over bestandsmålet på 12 familiegrupper per i dag (tre års gjennomsnittet er 15,7). Terskelen for felling av skadegjørende gaupe skal være lav i prioriterte beiteområder og i kalvingsland for tamrein.»

Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

Statsforvaltaren si vurdering

Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artane og deira genetiske mangfald skal bli ivaretatt på lang sikt og at artane skal kunne finnast i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel vegast opp mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskrifta og gjennom den regionale forvaltningsplanen for rovvilt i region 6.



Det nasjonale bestandsmålet for gaupe er i rovviltforskrifta § 3 fastsett til 65 årlege ynglingar. Bestandsmålet er vidare fordelt på sju av åtte forvaltningsregionar for rovvilt, jf. rovviltforskrifta § 4. I rovviltregion 6 er det mål om 12 årlege ynglingar. Gjennom statusrapportar frå Rovdata og informasjon frå det nasjonale overvakingsprogrammet for rovvilt har vi god kunnskap om den samla belastninga gaupebestanden er utsett for, jf. nml §§ 8 og 10.

I region 6 er snittet av dei tre siste åra estimert til 15,7 familiegrupper. Nasjonalt aukar bestanden av gaupe, og er estimert til 71,5 familiegrupper i 2023. I Tingvoll er det påvist to familiegrupper nord på Tingvollhalvøya. Dette er ei familiegruppe meir enn Rovdata sine modellar tilseier. I kvotejaktperioden vinteren 2023 vart det ikkje felt gaupe innanfor forvaltningsområdet i Tingvoll og på Nordmøre. Ut i frå dette legg vi til grunn at bestanden relativt til dei nasjonale og regionale bestandsmåla er god, og at Tingvoll også lokalt har ein tett bestand av gaupe. Felling av ei skadegjerande gaupe som omsøkt vil etter vår vurdering difor ikkje true overlevinga av gaupebestanden, jf. nml §§ 8 og 10. Føre var-prinsippet får ikkje vesentleg vekt, jf. nml § 9.

Etter rovviltforliket punkt 2.2.19 skal soneinndelinga forvaltaast tydeleg. Dette er tydeleggjort i brev av 28. april 2014 frå klima- og miljøministeren til fylkesmennene og rovviltnemndene og i brev av 21. mai 2014 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD) til rovviltnemndene, med kopi til fylkesmennene (no statsforvaltarar).

I område som i forvaltningsplanen er definert som yngleområde for rovvilt skal beitenæringa tilpasse drifta med utgangspunkt i at det vil vere rovvilt i beiteområdet. Her skal terskelen for skadefelling vere høg. I prioriterte beiteområde veg omsynet til beitenæringa tyngst, og det skal vere lav terskel for uttak av rovdyr som har gjort eller er venta å gjere skade i desse områda. Ut i frå gjennomgangen nedanfor finn vi grunnlag for å gi fellingsløyve sjølv om det aktuelle området ligg innanfor forvaltningsområdet for gaupe.

Det følgjer av rovviltforskrifta § 9, at statsforvaltaren skal gjere ei særleg vurdering av den konkrete situasjonen opp mot følgjande fire kriterium: området si betydning som beitemark, omfang og utvikling av skadane, potensialet for framtidige skader, og mogelegheita for å gjennomføre førebyggjande tiltak.

Tingvollhalvøya har avgrensa med høg fjellsbeite, og beite i gaupehabitat er vanskeleg å unngå. Området sin betydning som beite skil seg slik sett ikkje vesentleg frå andre beiteområde i Tingvoll, og dette kriteriet får ikkje vesentleg vekt i vurderingane.

Når det gjeld omfang og utvikling av skadesituasjonen er det totalt sju dokumenterte gaupeskadetilfelle i dette beiteområdet så langt i år fordelt over perioden 08.06.2023 – 28.07.2023. Det er såleis god dokumentasjon på at gaupa valdar skade i dette området, og gjennom intensivt tilsyn er det vist at det til saman manglar 50 lam i dei to buskapane utan at det er sannsynleggjort andre tapsårsakar enn gaupe.

Det er vidare lagt fram tilsyns- dokumentasjon på lammetapet. På grunnlag av fargekoda bjøller ser det ut til at om lag 50 lam er sakna frå desse to buskapane. Etter det vi har fått opplyst er alle lamma store, og det er ikkje sloppe søyer med meir enn to lam. Det er heldt heime fleire søyer og lam som ikkje er sendt på beite enno. I tillegg til besetninga til Tore Kamsvåg er det funne restar av tre lam frå to andre besetningar i same området.

Ut i frå det samla skadebildet kan det sjå ut som den skadegjerande gaupa kan ta lam relativt ofte, og det er ikkje teikn på at skadesituasjonen vil roe seg. Det er difor potensiale for at skadesituasjonen vil vare ved utan tiltak. Vi ser ikkje sanking av beitedyra som eit aktuelt tiltak gitt terreng, gaupa sin områdebruk og årstid. Det er også dokumentert gaupeskarar på inngjerda innmark. Det gjer at vi ikkje ser på tidleg sanking som eit aktuelt skadereduserande tiltak.



Vi har ikkje tatt stilling til søknaden om å bruke laus hund under fellingsforsøket fordi vi ikkje har myndigheit til å gje slikt løyve ved felling av gaupe; jf. kapittel 4.5.2 i veileder M-1440|2019.

Det er Miljødirektoratet som har myndigheit til å avgjere søknad om bruk av laus hund ved forsøk på felling av skadegjerande gaupe. Tingvoll kommune v/ Lars Erling Koksvik er informert om dette.

Vedtak

Ut frå vurderingane ovanfor og med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77; jf. §§ 1, 3, 9 og 13 i rovviltforskrifta av 18.03.2005, samt vedtak fatta av Rovviltnemnda for region 6 26.05.2023 om kvoter for felling av skadegjerande ulv, jerv og gaupe, gir Statsforvaltaren Tingvoll kommune fellingsløyve på ei (1) skadegjerande gaupe. Dei som skal vere med i fellingslaget, må tilfredsstille krava lista opp i punkta nedanfor.

Statsforvaltaren innvilgar kr 60 000,- til jegerløn for denne fellingsperioden; jf. § 9a i rovviltforskrifta.


Følgjande vilkår er knytt til iverksetjing av fellingsløyvet:

- a) Fellingsløyvet gjeld frå og med 31.07.2023 til og med 10.08.2023.
- b) Fellingsløyvet gjeld innafor området avgrensa i kart nedanfor. Fellingsforsøket skal gjennomførast tett på der det er dokumentert at gaupa har valda skade i år.
- c) Fellingsløyvet vert gitt til Tingvoll kommune, som er ansvarleg for fellingsforsøket.
- d) Gaupe i følgje med ungar er unnateke frå fellingsløyvet.
- e) Mads Endre Gjellan er fellingsleiar. Medlemmer i fellingslaget er meldt inn til Statsforvaltaren. Endringar skal meldast inn til Statsforvaltaren før nye medlemmer kan ta del i oppdraget. Fellingsleiar er ansvarleg for at alle som tek del i fellingsforsøket er kjent med vilkåra i dette vedtaket.
- f) Fellingsleiar og deltakarane i fellingslaget skal vere registrerte som lisensjegerar, jf. Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, av 22. mars 2002, §§ 13 og 14.
- g) Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til jakt på gaupe, jf. Forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
- h) Felling eller forsøk på felling skal umiddelbart meldast til Statsforvaltaren på tlf. 90 92 60 16 og til Statens naturoppsyn.
- i) Dersom gaupe vert skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogeleg. Skyttar pliktar å forvise seg om påskote dyr er trufte eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphald underrette Statsforvaltaren og næraste politimynde (tlf: 02800). Statsforvaltaren avgjer vidare gjennomføring og avslutting av ettersøk. Dei som har deltatt i fellingsforsøket skal bistå forvaltningsmynde eller politimynde i det vidare ettersøket.
- j) Gaupe felt i medhald av dette løyvet er viltfondet sin eigedom. Etter § 16 i Forskrift om forvaltning av rovvilt, skal jeger vise fram felt dyr for SNO for kontroll og prøvetaking så snart som råd etter felling. Jeger skal kunne påvise fellingsstad dersom SNO, politi eller Statsforvaltaren ber om det.
- k) Felling og forsøk på felling etter dette løyvet kan gjennomførast uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltloven § 35.
- l) Det er krav til rapportering knytt til skadefellingsforsøket. Tingvoll kommune skal utarbeide ein tilsyns-/fellingslogg som skal registrerast i Miljøvedtaksregisteret etter at skadefellingsløyvet er utgått, jamfør rettleiar M-1440|2019. Sluttrapport skal vere levert seinast 1. september 2023

Klage

Dette vedtaket kan klagast på innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke eller gjort tilgjengeleg i Miljøvedtaksregisteret; jf. forvaltningslova kap. IV, §§ 28 og 29. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim, men sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde.

Alle vedtak som gjeld felling av freda rovvilt blir gjort tilgjengelig på www.miljovedtak.no. Ein kvar kan fortløpande følgje med på vedtak som gjeld felling av freda rovvilt, ved å abonnere på vedtaka (e-postvarsling).



Området fellingsløyvet gjeld for.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
assisterande miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Postboks 1353 Sentrum

6001 ÅLESUND

E-postadresse:
sfmrpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse:
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.statsforvalteren.no/mr

Org.nr. 974 764 067